



Gundersen Sven  
Postboks 6134  
5892 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/343 - 22/20433

Saksbehandlar:  
Einar Aase  
einar.aase@alver.kommune.no

Dato:  
11.04.2022

## **Vi treng fleire opplysningar før vi kan handsame søknaden - gbnr 108/592 Lindås**

Tiltak: oppføring av naust og dispensasjon  
Byggjestad: Gbnr: 108/592  
Tiltakshavar: Svein Johnsen  
Ansvarleg søkjar: Gundersen Sven

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.01.2022.

### **Mottakskontroll**

Beklagar sein tilbakemelding på søknad om tiltak. Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad må supplerast med dispensasjon frå plankrav jf. føresegn 1.1 i kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.
2. Søknad må supplerast med dispensasjon frå arealføremål «bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsoner» i sjø. Sjå føresegn 5.1 og 5.2 i kommunedelplan.
3. Matrikkel syner ikkje at tiltakshavar er eigar av tomt. Søknad må supplerast med erklæring frå eigar av tomt, eller anna informasjon, som syner at privatrettslege tilhøve er i orden jf. pbl.§21-6.
4. Situasjonsskart må vise avstand til nabogrense, samt kor langt ut i sjø tiltak strekk seg. Dersom tiltak er nærmare nabogrense enn 1 meter må søknad supplerast med samtykkeerklæring frå nabo for plassering av tiltak. Alternativt må plassering av tiltak justerast, eller det må søkjast dispensasjon frå plan- og bygningslova §29-4 for plassering.
5. Vedlagte teikningar må utbetrast. Det er naudsynt med teikningar som syner terrengingrep ved utføring av tiltak. Desse teikningane må vise eventuelle skilnadar frå eksisterande terreng, og terreng etter utføring av tiltak. Eventuelle fyllingar i sjø må

tydeleggjerast her.

6. Det må gjerast greie for løysing for tilkomst og parkering til naust.
7. Syner på generell basis til at krav til utforming av naust som følgjer av føresegn 2.34 til 2.36 vil vere relevante vurderingsmoment i dispensasjonsvurderinga.

Det må dermed gjerast greie for takvinkel på naust, samt leggjast ved ei prosentrekning av vindaugsflate sett mot bruksareal for naust. Sjå nærmare angåande dette i føresegn 2.34 i kommunedelplan.

8. Syner elles til føresegn 1.24 på generell basis, ettersom tiltak ligg i sjø.
9. Vedlagt nabomerknad viser i punkt b) til eit flyfoto som skal vere vedlagt. Dersom dykk har mottatt eit slikt flyfoto i merknad må dette sendast med som tilleggssopplysning til sak.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **02.06.2022**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

### **Sakshandsamingsfrist**

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

### **Gebyr**

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Einar Aase  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Gundersen Sven  
Svein Johnsen

Postboks 6134  
Hopsnesvegen 81

5892 BERGEN  
5232 PARADIS